

Rettleiing skjema 35C Energibruk i utvalde fylkeskommunale føremålsbygg

Omrekningsfaktorar for omrekning til kWh (oppgåvegivar kan bruke eigne faktorar dersom oppgåvegivar meiner at eigne faktorar er sikrare)

Energivare	Eining	Omrekna til kWh
Fyringsolje	1 liter	10,056 kWh
Fyringsolje	1 kg	11,972 kWh
Fyringsparafin	1 liter	9,694 kWh
Fyringsparafin	1 kg	11,972 kWh
Naturgass, i gassform	1 Sm ³	9,92 kWh
Naturgass, flytande (LNG)	1 kg	12,5 kWh
LPG (propan og butan)	1 liter	6,778 kWh
LPG (propan og butan)	1kg	12,815 kWh
Pellets	1 kg	4,8 kWh
Flis	1 kg	4,3 kWh
Ved og treavfall	1 m ³ fast mål	2330 kWh
Bioetanol	1 liter	5,5 kWh
Bioetanol	1 kg	7,4 kWh
Biodiesel	1 liter	8,6 kWh
Biodiesel	1 kg	10,2 kWh
Biogass	1 kg	2,8 kWh

Føremålet med skjemaet

Føremålet med skjema 35C er å innhente data om energibruken i fylkeskommunale føremålsbygg. Dette er nødvendig styringsinformasjon i samband med arbeidet fylkeskommunane gjer innafor klima- og energiplanlegging. Rapporteringa er iverksett fordi ei samla oversikt over eigen energibruk i fylkeskommunane ikkje er tilgjengeleg frå andre datakjelder.

Rettleiing

Rapporteringa av energibruk i skjema 35C gjeld for den parten av arealet som rapporterast i skjema 34C som fylkeskommunen eig (sjå http://www.ssb.no/innrapportering/offentlig-sektor/_attachment/204316?_ts=1497a9eb5f0).

Energibruk i lokalar som fylkeskommunen leiger, skal *ikkje* rapporterast.

Energibruk til andre føremål enn dei som er oppførte på skjemaet, skal *ikkje* rapporterast.

Lokalar som leiges ut til private aktørar, skal *ikkje* rapporterast.

Lokalar som mellombels ikkje er i aktiv bruk, førast på føremålet dei tidlegare har vore brukt til.

Dersom fullstendige opplysningar om energibruken for det eigde arealet manglar, ber vi om at dette blir beregna, slik at det blir samsvar mellom rapporteringa av energibruk i skjema 35C og eigd areal i skjema 34C.

Energibruken skal fordelast på desse føremåla:

Funksjon 430 Administrasjonslokale
Funksjon 510 Skolelokale og internat

(For kva som inngår i dei ulike funksjonane, sjå KOSTRA-rettleiinga her:
<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneokonomi/kostra/regnskapsrapporteringen/id551573/>).

Tala skal gjelde *brutto tilført energi* av dei ulike energivarene, målt i kWh. Dette kan avvike frå det som er kjøpt inn eller betalt for gjennom året pga. lagerendringar eller forskotts- eller etterskottsbetaling. Det betyr òg at ein *ikkje* skal korrigere forbrukstala i høve til utnyttingsgraden (verknadsgraden) eller unormalt forbruk pga. temperaturavvik frå normalen.

Alt energiforbruk skal plasserast på energitypane som er oppgitt i skjemaet. ”Gratisvarme” frå varmepumper, solfangarar og liknande skal *ikkje* rapporterast, men energien (vanlegvis elektrisitet) som blir brukt til å drive slike varmekjelder skal rapporterast. Biogass skal førast som bioenergi, *ikkje* saman med naturgass.

Dersom fylkeskommunen har eit lokalt fjernvarmeanlegg (nærvarmeanlegg), skal energivareforbruket førast på energivarene som blir brukt til å drive anlegget. Da skal den distribuerte eller forbrukte fjernvarmen *ikkje* rapporterast. Dette gjeld òg for fjernkjøling.

Dersom bygningane blir brukt på fleire tenesteområde og det ikkje er mogleg å fordele energibruken på desse ut frå opplysningane som fylkeskommunen har om energiforbruket, skal forbruket fordelaast på dei aktuelle tenesteområda etter skjøn.